



Alexander Øglend

Referansar:

Dykkar:

Vår: 17/1765 - 18/912

Saksbehandlar:

Katarina Birkeland

katarina.birkeland@radoy.kommune.no

Dato:

15.01.2018

Referat frå møte i ungdomsrådet måndag 11.desember

Møtelokal: Kommunestyresalen

Tid: Kl. 15.00-17.30

Representanter	
Emilie Haukeland frå 8 A	Kamila Brzostowicz frå 1.VGS
Frøya Gabrielli 8c	Maria Stevnebø Rye frå 2.VGS
Elise Skråmestø frå 9 B	Joakim Hjørnevåg frå 2.VGS
Daniel Gjelsvik Kaland frå 10 A	Rebecca Sætre frå 2.VGS
Jakub Stasiak frå 10 B	Steffen Vestheim Sævdal frå 2.VGS
Mathias Sævdal Bere frå 10 C	Alexander Øglend frå 2.VGS
Marte Vågenes Solheim Frå 1.VGS	Susanne Sævdal Bere frå 3.VGS

Representant	Vara
Denis Dudsjenko 8 B	
Sander Lunde frå 9 A	
Preben Thomassen frå 1.VGS	

Møteleiar: Leiar Alexander Øglend **Ordstyrer:** Nestleiar Susanne Sævdal Bere

Møtte frå administrasjonen: Ungdomscoordinator Katarina Birkeland

Sakliste:

48/17: Godkjenning av innkalling og referat

Innkallinga og referatet vart godkjent.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



RADØY
den grønne øya

49/17: Trafikksikring ved Radøyhallen

Idrettsrådet ynskja at ungdomsrådet skulle ta tak i saken om å forbetre trafikksikringen rundt Radøyhallen med fleire fartsdumper og lys. Ungdomsrådet støtta dei og arbeider vidare med saken. Kommunestyret var auka bruk av ressursar til trafikksikring ved Radøyhallen i budsjettet for 2018.

50/17: Ruskoordinator Elin Skråmestø om bustadbygging

Ruskoordinator Elin Skråmestø snakka med ungdomsrådet om ulike tema som:

- Bustadbygging, korleis unge kan få tak i leilegheit.
- Framtida til ungdommen om kor dei ynskja å busetje seg
- Korleis kommunen kan tilrettelegginga for at det kan vere enklare å busette seg i kommunen.

Ungdomsrådet hadde lite meiningar om tema, der mykje av spørsmåla var om unge i 20-30 årsalderen og ikkje i ungdomsrådet si målgruppe.

Ungdomsrådet foreslo at dagens ungdom trenger meir informasjon om lån, startslån og om framtida. Det burde takast opp både som fag i ungdomsskulen og på den vidaregåande skulen. Utdanningsfag burde vere ein obligatorisk del av skulegangen.

51/17: Plan for utdeling av halltid i Radøyhallen på høyring

Ungdomsrådet fekk tildelt plan til høyring for utdeling av halltid i Radøyhallen.

Planen var utarbeidet av administrasjonen i kommunen og idrettsrådleiarane. Planen har vert på høyring på fellesmøte med lag og organisasjonar der også nestleiar i ungdomsrådet Susanne Sævdal Bere deltok.

Ungdomsrådet er positiv til planen og har ingen kommentarar. Ungdomskoordinator Katarina Birkeland sender beskjed til kulturleiar Anne Austrheim om dette.

52/17: Besøk av prosjektleiar i barnevernet Sissel Frotjold i Lindås, Radøy og Meland

Sissel Frotjold hadde ikkje muligheit til å delta på møte. Ho deltar på eit anna møte i 2018.

53/17: Storsamling for ungdomsråda i Lindås, Meland og Radøy

Ungdomskoordinator informerte om storsamling for ungdomsråda i Radøy, Lindås og Meland. Fredag 9 til søndag 11.februar vert det samling i Kvalheimsneset på Radøy. Det er obligatorisk å delta. Tema for samlinga vert Alver kommune, med fokus på ungdomsmiljøet og felles ungdomsråd. Meir informasjon kjem i januar, etter kontaktpersonane har hatt møte.

Leiarane og kontaktpersonane har sendt ut brev til fellesnemnda i dei tre kommunane og søkt om støtte til samlinga på kr 50 000.

54/17: Busstilbod i Nordhordland

På møte med lag og organisasjonar i desember kom det inn ynskjer om at ungdomsrådet skal arbeide med å forbetre busstilbodet i kommunen. Ungdomsrådet var einig og satt saman ein komité som skal jobbe vidare med dette i 2018.

Representantane vart: Rebecca, Kamila, Frøya og Daniel.

55/17: Ymse

Kommunestyredeltaking: Susanne har laga ein oversikt over når alle skal delta på kommunestyremøte våren 2018.

Informasjon frå kommunestyremøte:

Rebecca og Kamila informerte om deltaking på kommunestyremøte.

Temadag på ungdomsskulen:

Ungdomsrådet fekk informasjon om temadagen på ungdomsskulen for å markere Verdensdagen for psykisk helse. Dagen gjekk kjempe flott, ungdommene var fornøyd med opplegget, foredraget og dei sosiale aktivitetene.

Organisasjon og motivatorpris:

Komiteen for utdelinga av prisene fortalte om prosessen av prisen. Fleire i ungdomsrådet vart nominert. Steffen Vestheim Sævdal i ungdomsrådet vart nominert og vart ikkje med på det siste møte med å bestemme kven som skulle få prisane. Dei andre nominerte frå ungdomsåret satt ikkje i komiteen. Ungdomsrådet fekk inn nominasjonar frå privatpersoner, klubbstyret i Radøy ungdomsklubb og 4H.

Det kom inn 4 nominasjonar på motivatorprisen og 3 på organisatorprisen. Prisane vart delt ut søndag 10. desember. Fleirtalet i komiteen stemte på: Anita Lunde som årets motivator i Radøy kommune på grunn av sin leiarrolle i 4H, frivillige innsats i ungdomsklubben, sitt aktive engasjement i UKM og for å vere eit godt forbilde, ein stor motivator for ungdom og barn, og for sin innsats over fleire år i ungdomsmiljøet. Steffen Vestheim Sævdal fekk prisen som årets organisator for sin innsats som leiar i Radøy ungdomsklubb sitt klubbstyret for 3 år på rad og for sin elles innsats i ungdomsmiljøet på Radøy og i UKM. Han fekk prisen for arbeidet og innsatsen han gjer bak i kulissene, sin positivitet, engasjement og for å vere eit forbilde for dei andre.

Med helsing

Katarina Birkeland
ungdomskoordinator

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakrar:

Alexander Øglend
Daniel Gjelsvik Kaland
Denis Dudsjenko
Elise Skråmestø
Emilie Haukeland
Frøya Soltveit Gabrielli
Jakub Stasiak
Joakim Hjønnvåg
Kamila Brzostowicz
Maria Stevnebø Rye
Marte Vågenes Solheim
Mathias Sævdal bere
Preben Thomassen
Rebecca Sætre
Sander Lunde
Steffen Vestheim Sævdal
Susanne Sævdal Bere